

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Skei hotell  
**Dato:** 16.11.2020  
**Tidspunkt:** 10:00-13:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 25/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 26/20	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 8/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 4-2020		2019/4183
RS 9/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referatsak - Utførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2020		2019/4173
ST 27/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2021		2019/2581
ST 28/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksmidler for 2021		2019/4173
ST 29/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - kommunikasjonsplan		2020/16964
ST 30/20	Eventuelt		

## **ST 25/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.11.2020**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent

## **ST 26/20 Signering av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.11.2020**

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert signert

### **Vedtak**

Protokoll frå møte 3/2020 vert signert på neste styremøte.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/20	16.11.2020

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 4-2020

### Delegerte saker

Det har ikkje vore gjeve delegerte løyve sidan førre styremøte.

### Driftsbudsjett

Styret har 110.000 i driftsbudsjett for 2020. Av desse er om lag 57.000 brukt til no, og det står att om lag 53.000 på budsjettet. Forvaltaren oppmodar styremedlemmane om å sende inn krav om reise- og møtegodgjerdslø jamleg, slik at det er lettare å følgje med på det reelle forbruket.

### Korona

Arbeidssituasjonen for forvaltning, styre og utval er omtrent som normalt, men vi må sjølvstakt ta visse omsyn. Vi følgjer dei råd og reglar som helsemyndigheitene kjem med tanke på gjennomføring av møter og andre aktivitetar.

### Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	9/20	16.11.2020

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referatsak - Utførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2020

### Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak og tiltaksmidler i Naustdal-Gjengedal 2020 (excel-ark)

### Generelt

Det har vore eit godt år med tanke på tiltak og tiltaksmidler i Naustdal-Gjengedal. Vi fekk 700.000 i tiltaksmidler og det er vel det meste vi har fått nokon gong. Vi har og fått brukt meir midlar enn nokon gong. Slik det ser ut no vil vi berre sitte att med om lag 20.000 i restmidlar, og det er veldig bra. Det er ofte vanskeleg å estimere kostnader på den typen tiltak som vi jobbar med. I tillegg er mange tiltak avhengig av at andre aktørar gjer ein jobb, ofte og på dugnad.

### Skjøtsel

Det er særst gleden at vi har fått fleire grunneigarlag i gang med skjøtsel på og rundt støylane sine. Dette er gode og populære tiltak, kor vi får mykje ut av midlane. Støylane vert meir velholdte og både det estetiske og biologiske vert styrka. Vi har og fått i gang enkelte grunneigarar med mindre uttak av gran i verneområdet.

### Tilrettelegging

Tradisjonelt sett er det innan tilrettelegging for friluftsliv vi har dei største og fleste tiltaka. Tiltaka er ofte knytt opp mot besøksstrategien og skal legge til rette for auka ferdsel der kor vi ynskjer at ferdselen skal auke. Det er og eit mål at den ferdselen skal vere trygg og at folk skal finne fram. Nokre tiltak er utført av grunneigarlag eller andre organisasjonar, medan dei største og mest omfattande tiltaka vert utført gjennom tenestekjøp.

### Informasjonsarbeid

Skilta som vart produsert i fjor vart montert i år (hovudsakleg på fjorårets budsjett). Skilta står i Sandane sentrum og ved E39 i Årdalen på Jølster. I tillegg har vi fått nye plakatar til dei gamle skilttavlene i innfallsportane, som vi er i gang med å bytte ut. Vi har og fått ny nettside som er meir retta mot besøkande, og vi er veldig nøgde med dei sidene!

Sjå vedlagt oversikt for status og forbruk på dei enkelte tiltaka.

### **Vedtak**

Styret tok orienteringa til vitande.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	27/20	16.11.2020

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2021

### Vedtak

Styret la desse føresetnadane til grunn for driftsbudsjett for 2021:

- Styret planlegg å ha fire fysiske styremøte.
- I samband med minst eitt styremøte skal det vere ei synfaring.
- Det må takast høgde for kostnadar til reise og dekking av tapt arbeidsforteneste i samband med Nasjonalparkkonferansen i Trondheim 16.-17.februar.
- Det skal vere eitt møte med rådgjevande utval.

Verneområdeforvaltar legg desse føresetnadane inn i budsjettet og sender det som søknad om driftsmidlar til Miljødirektoratet innan fristen.

### Saksutgreiing

#### Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal vo-styre 2021
- Vedtekter for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
- *Retningslinjer for møtegodtgjøring i verneområde- og nasjonalparkstyrer* - Miljødirektoratet

#### Saksopplysningar

Styret får kvart år eit driftsbudsjett for verneområdestyre. Tildelinga går til Fylkesmannen og vert knytt opp mot styret sitt eige «prosjektnummer» der. Tildelinga baserer seg på eit driftsbudsjett som styret set opp og sender som ein søknad til Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Budsjettet skal dekke:

- Møtegodtgjerdse i samband med styremøte og andre møte eller oppdrag.
- Reisegodtgjerdse i samband med styrevervet.
- Tappt arbeidsforteneste i samband med møter, konferansar eller anna aktivitet der styremedlemmer må ta fri frå arbeid.
- Kostnader til lokale og servering i samband med møta.
- Kompetanseprogram og liknande.
- Eventuelle innkjøp av kle eller andre effektar til styret.

I 2020 har Naustdal-Gjengedal verneområdestyre hatt eit driftsbudsjett på 110.000, og det har vore tilstrekkeleg til den aktiviteten som har vore, inkludert kompetansedagane i Balestrand.

Storleiken på budsjettet hang naturleg nok saman med den aktiviteten som styret planlegg å ha i 2021. Det er derfor ein del ting styret bør ta stilling til, som verkar direkte inn på budsjettet.

#### Kor mange styremøte skal styret ha?

I vedtektene (ligg vedlagt) står det at styret bør tre saman minst fire gonger i året. Det bør derfor vere eit minimum. Mange styre har fleire møte enn det, men det gjeld som regel styre og verneområde kor saksmengda er vesentleg større enn i Naustdal-Gjengedal. Erfaringane til no tilseier at det er nok med fire møte i året.

#### Skal styremøta vere fysiske eller elektroniske?

Der er sjølvsgatt litt å spare på om nokre av møta vert gjennomført på Teams eller liknande.

#### Skal styret ha synfaringar eller studieturar?

Det må i so fall takast høgde for i budsjettet.

#### Nasjonalparkkonferanse

Nasjonalparkkonferansen 2021 vert arrangert 16.-17.februar i Trondheim. Konferansen rettar seg først og fremst mot medlemmar i nasjonalpark- og verneområdestyra, og alle styremedlemmar er invitert. Miljødirektoratet dekker opphald og det faglege, men styra må sjølv dekke reise og eventuell dekking av tappt arbeidsforteneste på eigne budsjett.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	28/20	16.11.2020

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksmidler for 2021

### Vedtak

Styret gikk gjennom lista over aktuelle tiltak for 2021, og diskuterte dei ulike tiltaka der. Det vart og teke opp fleire behov og lagt til nokre tiltak.

### Førebels liste

Tiltak	Sum
Kløppling langs stien til Byrkjeneset	150 000
Fjerning av gran frå verneområdet og randsona	100 000
Sti mellom Nesstøylen og Ryssdalstøylen	75 000
Skjøtsel Arnestadstøylen	10 000
Skjøtelsplan Sandsstøylen	50 000
Skjøtelsplan Fitjestøylen	50 000
Gjere ferdig utbetring av stien til Mardalsstøylen	60 000
Utgreiing av tiltak på stien gjennom Ura ved Storevatnet (enten gjennom tenestekjøp eller ved hjelp av SNO)	60 000
Bytte ut gamle og utdaterte turskilt	10 000
Sette opp gravminne og informasjon ved «Barnegrava» ved Storevatnet i samarbeid med Hyen sokneråd	25 000
Kartlegging av våtmarkene på Tangane, Måsevassøyna og ved Fitjestøylen	100 000

Det kan kome tillegg til liste etter møte i rådgjevande utval og etter eventuelle innspel som kan kome inn til forvaltninga innan 1. desember.

### Behov for SNO-ressursar:

- Oppfølging av vedtak og saker, kontroll av løyver
- Deltaking på møter med styre, utval og andre
- Prosjektering av tiltak på stien gjennom Ura
- Tilsyn med motorferdsel på Storevatnet
- Rettleiing i samband med tilrettelegging og skjøtsel

Endeleg søknad om tiltaksmidlar og SNO-ressursar vil verte sett opp av verneområdeforvaltar i desember, godkjent av styret på e-post eller i Teamsmøte, og sendt til Miljødirektoratet innan fristen.

## Saksutgreiing

### Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - Miljødirektoratet
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar i verneområder 2020-2025 – Miljødirektoratet
- Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs

### Saksutgreiing

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2021. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan . Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

### Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt.

Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Pri	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Samarbeids- aktørar
	Sti langs Storevatnet - klopplegging til Byrkjeneset	Klopplegging av stien heilt inn til Byrkjeneset	150 000	Gjengedal beitelag, grunneigarar
	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Fjerne førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	100 000	SNO, grunneigarar
	Sti mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalstøylen	Trekloppar over myrparti på stien mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen.	75 000	grunneigarar, både i Ryssdal og Kandal
	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	10 000	Arnestad grunneigarlag
	Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	60 000	Grunneigarar
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Her vart det bygd ei steintrapp i 2011 (?) som storfe ikkje likar å gå i. Vurdere grusdekke i staden for?	10 0000	Grunneigarar
	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydela skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000 per år	Grunneigarar, turlag, kommunar
	Barnegrava	Sette opp nytt "gravminne" og informasjon som fortel historia om barnegrava og garden på Byrkjeneset	20 000	Hyen sokneråd
	Skjøtels Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	Sande grunneigarlag
	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	Fitje grunneigarlag
	Fjerning av gran	Fjerning av gran frå verneområdet og randsona	10 000	Grunneigarar
	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt	100 000 per «sett»	

**Handsaming i møte:**

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.

Sidan møte i rådgjevande utval skal vere etter styremøtet, bør styre ta høgde for at det kan kome nye innspel der. Det kan derfor vere klokt å sette opp ei førebels liste, som styret kan godkjenne på e-post eller i eit nettmøte seinare.

Styret skal og fylle ut skjema med ønske om SNO-ressursar i 2021.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	29/20	16.11.2020

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - kommunikasjonsplan

### Vedtak

Styret diskuterte innhaldet i ein kommunikasjonsplan, gjorde nokre prioriteringar og la nokre føringar for arbeidet vidare.

- Målet med kommunikasjonsplanen er å gjere verneområdet meir kjent, særleg blant innbyggjarane i områda rundt verneområdet.  
Auke kjennskap og stoltheit til verneområdet i sin kommune/nærområde.
- Målgrupper:
  1. Fastbuande i nærområda
  2. Lokalt næringsliv/reiseliv
  3. Folkevalde og tilsette i kommunane
  4. Skuleklassar/skuleverket
  5. Tilreisande
- Bodskap:

Vi skal ha ein enkel bodskap der vi bygger på dei «slagord» og bodskapar som vi allereie har og har brukt i andre dokument.

«Velkomen inn» som er hovudbodskapen til Norges nasjonalparker skal vere sentral.
- Kanalar:
  - Sosiale media
  - Dei nye nettsidene skal marknadsførast og brukast
  - Undervisningsopplegg for skuleverket
  - Rapportere om utførte tiltak til folkevalde i kommunane

Verneområdeforvaltaren skriv eit utkast til kommunikasjonsplan som vert jobba vidare med på neste styremøte.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

I styremøte 3/2020 gjorde styret vedtak om kommunikasjonsplan:

### **Vedtak ST 23/20**

- *Styret skal lage ein kommunikasjonsplan for verneområdet og den informasjonen man ønskjer å nå ut med.*
- *Kommunikasjonsplanen skal vere enkel, konkret og handlingsretta*
- *Verneområdeforvaltar førebur oppstart av planarbeidet som sak til neste styremøte.*

Sidan førre møte har eg fått jobba litt med temaet, men eg har ikkje kome so langt at eg har starta på teksten. Før vi kjem so langt, so er der ein del prioriteringar og retningsval som styret bør gjere.

Handsaming i møtet:

Som sagt er der ein del tema som styret bør diskutere, og helst kome med nokre føringar og vegval. Desse vil legge grunnlag og peike ut kursen vidare.

### **Kva er målet med kommunikasjonsplanen?**

Kommunikasjonsplanen må ha eit definert mål. Det bør helst vere konkret og målbart, ikkje for ullent og svevande.

Sidan kommunikasjonsplanen naturleg heng saman med besøksstrategien, so kan vi sjå kva som står der som har tilknytning til kommunikasjon og informasjon:

- *Dei besøkande skal verte presenterte for Naustdal-Gjengedal og kvalitetane der, og enkelt finne fram til innfallsportar og turmål.*
- *Det bør lagast enkel og lett tilgjengeleg informasjon om verneområdet som vert gjort tilgjengeleg for turistar ved turistinformasjon, overnattingsverksemder og liknande.*

### **Målgrupper**

Kven er det vi ynskjer å nå med kommunikasjonen vår? Er det ei spesiell gruppe, eit utval grupper eller er det alle?

Målgrupper kan vere:

- Tilreisande
- Reiseliv/Næringsliv
- Fastbuande
- Kommunar og offentlege instansar

## **Bodskap**

Vi bør ha ein eller nokre få enkle og klare bodskap som vi ynskjer å nå ut med og derfor bør fokusere på i kommunikasjonen. Vi har allereie nokre «slagord» og andre bodskapar som vi har brukt i ulike samanhengar.

På dei nye infoskilta og i brosjyra:

- *Lett tilgjengelege naturopplevingar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.*
- *Nyt flotte familieturar, og ein smak av villmark*

I besøksstrategien:

- Variert og vakkert

På nettsida:

- *Velkommen til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde*
- *Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde strekk seg frå 60 meter over havet til 1572 meter over havet, og her er frodige dalar, brear og steile fjell, fiskevatn og fossar.*

Hovudbodskapen i merkevarestrategien til Noregs nasjonalparkar:

- *«Velkommen inn».*

## **Kanalar**

Kva kanalar skal vi bruke for å nå ut med bodskapen vår til målgruppa/målgruppene?

Dei mest aktuelle, og som vi brukar per i dag i ulik grad er:

- Nettsidene (både den gamle og den nye)
- Sosiale media
- Skilt
- Brosjyrer

**Ein diskusjon kring desse tema vil danne eit godt grunnlag for arbeid med kommunikasjonsplan vidare.**

**ST 30/20 Eventuelt**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.11.2020**

**Ingen saker**